



Til:
Nasjonalbiblioteket
Postboks 2674 Solli
0203 Oslo

Oslo, 16. mai 2014

Dykkar ref: 2014/kud EB se

SØKNAD OM TILSKOT TIL UTVIKLING AV WIKIPEDIA PÅ SAMISK

Wikimedia Noreg søker med dette om statleg grunnløyving til utvikling av Wikipedia på nordsamisk, etter tilskotsordning som fastsett av Kulturdepartementet 2. april 2014. Verksemda det vert søkt tilskot for, vil bidra til å oppfylla sentrale kulturpolitiske føremål om utvikling og tilgjengeliggjering av gratis leksikontenester, kunnskapsutvikling og meiningsdanning hjå allmenta på samisk. Verksemda det vert søkt støtte for vil formidle oppdatert og kvalitetssikra kunnskap og fagkunnskap på viktige norske skriftspråk. Det søkast støtte til utvikling av den leksikalske formidlinga av emne av stor kulturell og vitskapleg verdi, gjennom nemnde høvesvis den nordsamiske versjonen av oppslagsverket Wikipedia, og spesielt styrke dette skriftspråket som vitskapleg formidlingsspråk.

Her gjev vi først presentasjon av utviklingsverksemda det søkast støtte for. Deretter gjev me nærare informasjon om søkjaren og verksemdas budsjett, m.v.. Etter dette følgjer dokumentasjon av korleis me oppfyller tilskottskriteria. Kulturdepartementet har 2. april 2014 fastsett regelverk for tilskott. Utlysinga er tvtydig, og Wikimedia Noreg finn det difor naudsynt å knytte ein del kommentarar til tildelingskriteria slik dei går fram av utlysinga.

Om Wikipedia på samisk

Wikipedia er tilgjengeleg med ein nordsamisk versjon, som (mai 2014) har omlag 7670 artiklar, med i snitt 22 ord per artikkel. Jamført med dette har Wikipedia på færøysk omlag 8225 artiklar, med i snitt 155 ord per artikkel. Eit leksikon med 10.000 artiklar reknast som stort nok til å vere funksjonelt, men 22 ord per artikkel er for lite til å gje den samiske befolkninga naudsynt kunnskapstilfang på sitt eige morsmål. Så langt har nordsamisk Wikipedia primært blitt skriva av forfattarar som ikkje har samisk som morsmål, og artiklane er dominert av korte definisjonsartiklar.

Wikimedia Noreg

Postboks 35 Røa, N-0701 Oslo
Telefon: +47 – 4110 5154
Bankkonto: 1503 08 00866



Det å få tilgjengeleg eit funksjonelt leksikon på nordsamisk vil vere av stor verdi for utvikling av den samiske skriftlegheita. Skribentar vil kunne finne gode definisjonar og framstillingar av sentrale emne, og dei vil finne lenker til tilsvarande artiklar på andre språk, mellom anna bokmål og nynorsk.

Å få dette til er ei stor utfordring. Den samiske skriftkulturen er ung, og i stor grad oppretthalde av yrkesomsettarar. I arbeidet med å få ein levende samisk skriftkultur spelar difor Wikipedia ei heilt sentral rolle. For samisk Wikipedia søker vi difor om tilskott for å skapa fora for å skriva på samisk. Primært vil me stø opp om nordsamisk som per i dag har meir enn 40.000 talarar og ein eigen versjon av Wikipedia.

Wikimedia Noreg har 2010-2012 gjennomført eit prosjekt med finansiering frå Sametinget, om styrking av den nordsamiske versjonen av Wikipedia. Gjennom prosjektperioden auka talet på artiklar frå om lag 3.500, til om lag 7.000. Samiske skribentar vart kursa, og det vart premiært artiklar etter ein på førehand godkjend nøkkel. Erfaringa var derimot relativt eintydig, at det i røynda og i lengda ikkje er berekraftig å betala folk for å skriva på nordsamisk på Wikipedia.

Nøkkelleddet for suksess er skolen, som er en sentral arena for utvikling av samisk tekst. Vi vil difor utvikle eit kursopplegg og eit fagleg, didaktisk og språkleg utviklingsopplegg mynta på bruk av nordsamisk Wikipedia i skulen. Utvikling av terminologi, kjerneartiklar, interwiki-forståing og tekstmodellar vil skje i samarbeid mellom forskarar og lærarar på høgskole-, universitets- og vidaregåande skulenivå.

Fagleg rettleiar for verksemda det søkast tilskott for, vil vere Wikimedia Norges styremedlem Trond Trosterud, som er professor i samisk språkteknologi ved Universitetet i Tromsø. Me vil og knytte til oss aktive samisk-kunnige forskarar og –studentar som er knytt til andre lærestadar.

Verksemda skal utvikle tre ulike aspekt ved samisk Wikipedia:

- Interwiki mellom nordsamisk og andre språkversjonar for å byggja opp samisk terminologi. I samband med lærarar og lingvistar vil me byggja opp fagterminologi for kjerneartiklane og andre emne, for å styrke språkføringa på Wikipedia og med dette tiltrekkje samiskspråklege som stiller høge språklege krav til si eiga medverking.
- Samisk wikipedia som arena for å skrive samisk tekst. Dagens nordsamiske, ikkje-betalte skriftrøynd er sosial, fokusert kring Facebook og eit fåtal andre arenaer. Verksemda vil trekke denne skriftrøynda inn i den leksikonfaglege sfæren, og vere utadretta mot særskilde lingvistiske ressurspersonar, i fyrste rekke lærarane i nordsamisk, men og overfor dei akademiske ressursane i Troms og Finnmark.
- Samisk Wikipedia som modell for tekst. Verksemda vil utvikle tekstlege og lingvistiska modellar for leksikalsk framstilling og formidling, og skape røynd for kjeldekritikk knytt til samiske emne.

Wikimedia Noreg

Postboks 35 Røa, N-0701 Oslo
Telefon: +47 – 4110 5154
Bankkonto: 1503 08 00866



Ressursane frå slike samlingar som Språkbanken, Bokhylla, osb., ynskjer Wikimedia Noreg å nytta i arbeidet med å bygge opp eit nordsamisk minimums-leksikon med omtale av sentrale termar innanfor norsk og samisk og norsk samfunnsliv, kultur, natur og vitenskap. Verksemda vil retta seg inn mot å vidareutvikle tenestar retta mot skulane i grunnopplæringa i dei samiskspråklege områda. Eit viktig mål er bruk av Wikipedia-ressursen som plattform for informasjon, deling, og skriveopplæring.

Tilfanget av omtale av både samiske og allmenne emne på samisk i Noreg er i dag særst avgrensa¹, og dette rammar elevane si opplæring i morsmål ved at dei ikkje får tilgang til eit breitt spekter av omgrep og termar som eit leksikon på eige morsmål kan gje.

Den aktuelle verksemdas årlege kostnad er **800.000 kroner**. Det inneber at Wikimedia Noreg søker Kulturdepartementet om løyving til å tilsette ein medarbeidar for utvikling av læreressursar for skulane, knytt til nordsamisk. Tiltak knytt til reise i Finnmark, Troms og andre samiske kjerneområde, ovafor nordsamisk Wikipedia vil vi freista å få alle kostnader knytt til dette dekt av prosjektmidlar frå Sametinget. Utviklingsverksemda i denne søknaden er derimot ikkje avhengig av dette. Prosjektet vil skalerast for pilotutvikling i perspektiv av eitt år, frå sommaren 2014 til sommaren 2015, men med sikte på vidare finansiering gjennom mindre tilskott for Sametinget o/eller Wikimedia Foundation.

Verksemd	Budsjett 2014	Budsjett 2014-15	Kommentar
Personellkostnad, utviklingsoppgåver	300.000	650.000	<i>Ei prosjektstilling</i>
Reisekostnader, kjerneaktivitet	20.000	50.000	<i>Reise mellom fagmiljøa</i>
Språkarena, kostnader til arrangement m.v.	10.000	30.000	<i>I dei samiske kjerneområda</i>
Digitale kostnader	10.000	20.000	<i>Databasar, etc</i>
IT-kostnader m.v.	10.000	10.000	<i>PC, audiovisuelt, etc</i>
Andel administrasjon	10.000	20.000	<i>Wikimedia Noreg</i>
Arbeid med bilete	10.000	20.000	<i>Frikjøp av foto ti bruk for kjerneartiklar</i>
SUM kostnader		800.000	

All opplæring, administrasjon, rekneskapsføring, lønsutbetaling, osb, vil handsamast av Wikimedia Noreg med dei ressursane som per i dag handsamar dette for foreiningas tilsette i Oslo. Det leggjast opp til at stillingen vert basert i Oslo, knytt til Wikimedia Noregs lokalar på Tøyen. Men det er og aktuelt å la ei tilsett personalressurs vera basert i Tromsø dersom praktiske høve for dette er til stades i heile eller deler av tilskottsperioden.

¹ Sjå til dømes differansen mellom: <http://no.wikipedia.org/wiki/Tana> , <http://no.wikipedia.org/wiki/Oslo> (bokmål) og http://se.wikipedia.org/wiki/Deanu_gielda , <http://se.wikipedia.org/wiki/Oslo> (nordsamisk)

Wikimedia Noreg

Postboks 35 Røa, N-0701 Oslo
Telefon: +47 – 4110 5154
Bankkonto: 1503 08 00866



OM TILSKOTTSDORDNINGA OG SØKJARENS KVALIFIKASJON (FELLEDEL FOR ALLE SØKNADAR FRÅ WIKIMEDIA NOREG)

Om søkjaren og verksemdas budsjett m.v.

Wikimedia Noreg (*Wikimedia Norge*, *Wikimedia Norga*) er ein friviljug organisasjon, registrert i Brønnøysund-registeret som NO 993 101 583. Wikimedia Noreg er eit nasjonalt "chapter" (nasjonal avdeling) av Wikimedia Foundation, ei amerikansk stifting som eig *Wikipedias* varemerke, domene og ymse fysiske ressursar. Vidare driv Wikimedia Foundation mediedatabasen *Wikimedia Commons*, og andre digitale tenester. Tilhøvet mellom Wikimedia Noreg og Wikimedia Noreg er regulert i ei eiga "Chapters Agreement" som gjev Wikimedia Noreg einerett til å organisera og representera Wikimedia-røyrsla i Noreg. Wikimedia Noreg har eige domene til norske ressursar i samband med dette, mellom anna domene som *wikipedia.no*, *wikimedia.no*, m.v.

Wikimedia Noreg organiserer norske skribentar attom Wikipedias språkversjonar på bokmål, nynorsk, og nordsamisk. Wikimedia Noreg vann *Folkeopplysningsprisen 2011* for sitt arbeid med å involvera folk i kunnskapsdugnad på Wikipedia i Noreg. Me er ein samskipnad av produserande skribentar, der det ikkje er obligatorisk å vera organisert men kor ei stor mengd av dei mest aktive skribentane er medlem. Wikimedia Noreg tilbyr skribentane eit fagleg produsentmiljø, støtte til prosjekt, utvikling, konkurransar og kurs. Wikimedia Noreg representerar det norske Wikipedia-miljøet andsynes eksterne partar - så som Kulturrådet, Riksantikvaren, osv, og ovafor offentlege styresmakter. Wikimedia Noreg driv verksemd knytt til ABM-sektoren, norske museum og arkiv, og høgare utdanning. Verksemda til Wikimedia Noreg har til dette eit budsjett på knapt 1.000.000 kroner årleg. Me har eit sekretariat med ein heiltids og to deltids tilsette, som handsamar ei minimumsdrift knytt til samarbeidet med eksterne organisasjonar, i samarbeid med eit ulønna styre.

Wikimedia Noreg har dei siste tre åra utvikla eit betydeleg samarbeid med sentrale kultur-institusjonar i Noreg, om korleis desse institusjonane skal kunne nytta Wikipedia til formidling av kulturarv, gjenstandssamlingar, arkivmateriale, og donasjonar av arkiverte bilete. Norsk Folkemuseum og Oslo museum var dei fyrste institusjonane som satsa på Wikipedia som formidlingskanal til norske og utanlandske målgrupper. Deretter fylgde Riksantikvaren, Norsk Kulturråd, og Arkivverket. Det nyaste "Kulturminneprosjektet" med Riksantikvaren har etter kort tid gitt om lag 5.000 nye bilete av norske kulturminne, og tekstleg omtale av kulturminne over heile landet og på Svalbard.² Satsinga hjå Norsk Kulturråd har som mål å få til omfemnande formidling via Wikipedia³ og Wikimedia Commons,⁴ ikkje minst det store

² Sjå: <http://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Underprosjekter/Kulturminner>

³ Sjå: <http://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Underprosjekter/GLAM>

⁴ Sjå: <http://kulturradet.no/wikipedia>

Wikimedia Noreg

Postboks 35 Røa, N-0701 Oslo
Telefon: +47 – 4110 5154
Bankkonto: 1503 08 00866



prosjektet "Kultur- og naturreise"⁵ som skal basera seg på Wikipedia-artiklar og Wikimedia-bilete som innhalds-feed for reisande som nyttar tenesta.⁶ Det vart hausten 2012 halde 35 lokale kurs for museums- og arkivtilsette over heile Noreg, i eit nært samarbeide mellom Kulturrådet og Wikimedia Noreg. det har vorte opplasta tusenvis av kulturhistorisk viktige bilete, og Wikimedia Noreg har koordinert og rekruttert frivillige som har hatt høve til å sitja i institusjonane og rettleia Wikipedia-satsinga deira. Vi står nå ved eit punkt der desse sentrale samarbeida ikkje kan utviklasti tråd med institusjonanes klårt auka ambisjonsnivå.

Wikimedia Noreg tilsette ein sekretariatsressurs i desember 2013, finansiert av Wikimedia Foundation (WMF) fram til juli 2014. I kombinasjon med eit arbeidande styre vil organisasjonen organisere all verksemd under denne søknaden, i nær dialog med Kulturdepartementet og Statens løyvingreglement. Dagens styre består av medlemmer med brei verksemds- og prosjekterfaring, og vil med faste tilsette skipa ein organisasjon som kan gjennomføra verksemda. Styret er kjend med rekneskapslovens ansvarstilhøve og har vedteke ein detaljert styreinstruks⁷ for å sikre økonomisk styring, vedtaksrutinar, osv.

Her gjer vi reie for organisasjonens rekneskap og budsjett knytt til aktivitetar i perioden 2010-2013 (historisk), samt 2014-2016 (budsjettert), utanom dei det søkjast tilskott for i denne søknaden. Me gjev gjerne ut meir detaljert oversyn over rekneskap og budsjett.

Her er Wikimedia Noregs rekneskap og budsjett uavhengig av denne søknaden:

Post	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Budsjett B 2014	Budsjett B 2015	Kommentarar
Wikimedia Foundation Grants	125.609	145.656	1.250.000	1.250.000	WMF programstønad (FDC)
Kontingentar, sal, mv	44.068	39.322	65.000	65.000	Medlemmar, gåver, sal, m.v.
Sametinget	22.990	0	0	500.000	Prosjekt, uavklart
Uavhengige inntekter	192.667	184.978	1.315.000	1.915.000	
Personal, WMF-program	0	49.305	800.000	900.000	Frå desember 2013
Kontorlokale	0	14.524	100.000	100.000	Dagens kontorlokale i Oslo
Prosjekt Sametinget	22.990	0	0	500.000	Søknadsfrist 1. september
Kurs og seminar	123.481	59.537	80.000	50.000	Wikipedia Academy
Andre kostnader	55.889	34.014	16.000	25.000	IT-kostnader, domene, m.v
WMF-program	0	17.990	280.000	325.000	Verksemd for skribentar
Uavhengige kostnader	202.360	175.370	1.276.000	1.900.000	

⁵ Sjå: <http://kulturradet.no/kultur-og-naturreise>

⁶ Sjå: <http://kulturognaturreise.wordpress.com/2013/04/23/datakilder-som-er-med-i-prosjektet/>

⁷ http://no.wikimedia.org/wiki/Fil:Vedtatt_Styreinstruks_1_september_2010.pdf

Wikimedia Noreg

Postboks 35 Røa, N-0701 Oslo
Telefon: +47 – 4110 5154
Bankkonto: 1503 08 00866



Hovudinntektskjelda for Wikimedia Noreg er finansiering via innsamlingsaksjonane på Wikipedia. Pengar til dei nasjonale einingane vert fordelte av Wikimedia Foundation, og Wikimedia Noreg fekk i 2013 ei løyving på 825.000 kroner for perioden 2013-2014 (juli-juli). I 2014 vil me i tillegg søkje om tilskott frå Sametinget til ein reisestilling som kan bidra til å støtte det øvrige arbeidet Wikimedia Noreg planlegg i samband med å stø opp under skribentmiljøet på nordsamisk. Dette vil sikta mot å hjelpe dei samiskspråklege skolane til å ta i bruk Wikipedia, og ikkje sikta mot utvikling av sjølv samisk-versjonen av Wikipedia.

Wikimedia Noreg vil under søknaden stå for all organisering, tilsetjing av medarbeidarar, arbeidsgivarrolla og –ansvaret, rekneskap og budsjettering, og rapportering av resultat i tråd med departementets krav. Det vil bli gjort rekneskapsmessig skilje for kvart prosjekt med integrert rapportering av resultat og verknad hjå målgruppene. Vi har eit velfungerande sekretariat, og arbeidsgjevarrolla knytt til ressursar under denne søknaden vil bli handsama av styret med bistand frå dagens sekretariat.

Innleiande merknadar om støtteordninga

Dei aktuelle søkjarane avgrensast slik i Kulturdepartementets utlysing:

Utgivere av leksikon kan søke om tilskudd. I denne sammenhengen forstås «leksikon» som en alfabetisk eller systematisk ordning av sak- og faginformasjon for det allmenne publikum. Definisjonen omfatter primært leksikon som dekker et bredt spekter av kunnskapsområder. Informasjonen må være elektronisk søkbar. Institusjoner og virksomheter som mottar driftstilskudd over Kulturdepartementets budsjett skal ikke kunne søke om tilskudd fra ordningen.

Kommentar – bredt spekter, elektronisk søkbar:

Wikipedia på norske språkformer dekker eit breitt spekter av leksikalske emne, sortert etter eit kategorisystem.⁸ Det finst ei sentral lemmaliste over dei 1.000 viktigaste artiklane som alle Wikipedia-versjonar bør innehalde, og både bokmåls- og nynorsk-versjonane dekker dessa sentrale emna. Den tematiske breidda på Wikipedia er størst blant dei norske leksikona. Informasjonen er og elektronisk søkbar. Resultata kjem ofte øvst ved Googlesøk, og Wikipedia nyttar løysinga *Elastisearch* for internsøk i artikkeluniverset.

Kommentar – utgjevar som mottek driftstilskott frå Kulturdepartementet:

Av breiddeleksikona i Noreg, gjev Kulturdepartementet berre driftstilskott til Allkunne.⁹ Det norske Wikipedia-miljøet, deira redaksjonar eller Wikimedia Noreg, har ikkje på noko tidspunkt nokosinne motteke økonomiske midlar, stønad eller eingong indirekte støtte frå statleg hald i Noreg, forutan ei løyving på kroner 175.000 frå Sametinget i 2009. Det har aldri vorte motteke middel frå Kulturdepartementet. Wikimedia Noreg har derimot godt samarbeid med institusjonar som sjølv mottek stønad frå departementet – i fyrste rekkje Kulturrådet,

⁸ <http://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Kategorier> og <http://nn.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Kategoriar>

⁹ Prop. S nr 1 (2012-2013) *Statsbudsjettet*, Kulturdepartementets budsjettproposisjon, side 119. Frå 2011 mottok Allkunne ei delløyving under tilskotet til *Det norske Samlaget* (kap 326, post 74), deretter vart pengane kanaliserte gjennom ei tilsvarande auke i løyvinga til til *Nynorsk kultursentrum* i Kulturdepartementets kapitel 328, post 70



Riksantikvaren, Riksarkivet, Norsk Folkemuseum og Nasjonalbiblioteket. Kulturrådet og Wikimedia Noreg har saman skipa til ei stor mengd seminar og kurs, men utan vederlag utover avrekna deltakaravgiftar, osb. Vidare nyt Wikipedia-skribentane godt av resultatane som blir oppnådd ved at Wikimedia Noreg rekrutterer huswikipedianarar,¹⁰ som får delar eller heile sine individuelle lønskostnader dekte av den aktuelle institusjonen.

Kommentar – utgjevar:

Det definerast ikkje i utlysinga kva som meinast med "utgjevar". I høve til ærekrenkingar eller brot på opphavretta, tar dei fleste lands lovverk utgangspunkt i at "utgjevar" er redaktør eller eigar av eit medium. Dette er annleis for sosiale media og brukargenererte tenester, der forfattarar skapar fellesverk uavhengig av kor det tekniske utstyret for publisering befinn seg. Dagens lovverk femner ikkje heilt slike Internett-baserte fellesverk. Eigaren av serverar har i mange land eit ansvar for å sperre eller bringe til opphøyr lovstridige forhold, men utan å bere noko vidare ansvar for sjølve det publiserte innhaldet.

Personvernkommissjonen la opp til den same forståinga, då kommisjonen slo fast at "*gjennom såkalte 'blogger' og 'hjemmesider' har Internett gjort det mulig for enhver å bli sin egen utgiver*".¹¹ Søkalla "safe harbour"-regulering inneber ein aksept av at det er skribentane sjølve som ber injurie- og opphavsansvaret når dei skriv via brukargenererte nettstader.¹² I likskap med andre brukargenererte media, som til dømes *Facebook* eller *YouTube*, står den einskilde skribent ansvarleg for kva som skrivast på Wikipedia, gitt at han eller ho fylgjer brukarvilkåra på Wikipedia.¹³ Varsla og igangsette doms- og injuriersaker mot einskilde skribentar i Frankrike, Hellas, Italia og Russland, stadfester at det er den einskilde skribent som ber dette ansvaret. I injuriesamanheng må difor den einskilde skribent betraktast som "utgjevar" hjå Wikipedia. Det same gjeld dessutan på SNL.¹⁴

Wikimedia Noreg er ein samskipnad av Wikipedia-skribentar i Noreg, om lag på line med Norsk Faglitterær Forfatterforening, eller den Norske Forfatterforening, andsynes dei organiserte forfattarane. Me femnar ei stor mengd av Wikipedia-skribentane, og gjev dugnadsinnsatsen ein formell og offisielt registrert organisasjon. Føremålet med Wikimedia Noreg er i denne samanhengen å gje den folkelege medverknaden og det litterære fellesverket ei formell organisering i Noreg, andsynes myndigheiter. Me har fått søknadar om tilskott til Wikipedia-føremål formelt handsama av Kulturdepartementet, Kulturrådet og Sametinget i 2009 og 2013, og fått tilskott frå Sametinget. Staten ser altså på Wikimedia Noreg som ein organisert representant for Wikipedias norske skribentar.

¹⁰ Person med (tidsavgrensa) stipend for å skrive på Wikipedia om oppdragsjeivers fagområde eller teknisk tilrettelegging for wiki- og opent innholdarosjekt. Huswikipedianerar skal ha faglig uavhengighet og skal ikke fremme noe bestemt syn, men gjøre fagformidling med wikiprosjekt som formidlingskanal.

¹¹ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/nouer/2009/nou-2009-1/14.html?id=542154> avsnitt 13.3.

¹² [http://en.wikipedia.org/wiki/Safe_harbor_\(law\)](http://en.wikipedia.org/wiki/Safe_harbor_(law))

¹³ https://wikimediafoundation.org/wiki/Terms_of_Use

¹⁴ http://meta.snl.no/Vilkår_for_publicering_av_bidrag_på_snl.no



Den sivilrettslige forståinga av "utgjevar" går mellom anna fram av pliktavleveringslova, der utgjevar (§3) er *"den som for eiga rekning lagar eller får laga eit dokument for å gjera det tilgjengeleg for allmenta"*. I denne forstand er det Wikimedia Foundation som har kostnader ("eiga rekning") knytt til serverhald og teknisk infrastruktur, medan Wikimedia Noreg har alle kostnader knytt til dei lokalt brukte domena (*wikipedia.no*, *wikimedia.no*, m.fl) samt den faglege utviklinga av Wikipedia-skriventane sin samproduksjon og prosjekt. Vidare har Wikimedia Noreg eksplisitt rett til å søkje eller framforhandle finansielle avtalar for Wikipedia og dei andre Wikimedia-prosjekta i Noreg, og rett til å ta imot inntekter frå brukarane etter nasjonalt lovverk.¹⁵

Etter fyrste leddet av pliktavleveringslova er det Wikimedia Noreg som er "utgjevar" knytt til prosjekt- og utviklingskostnadane for å "få laga eit dokument" til Wikipedia i Noreg. Kvart år har Wikimedia Noreg betydelege kostnader knytt til utviklingstiltak for skribentane, felles prosjekt med kulturinstitusjonar, og fagleg dialog med lærestader, medan Wikimedia Foundation ikkje har slike kostnader i Noreg. Alle kostnader hjå Wikimedia Noreg, om lag 1 million kroner årleg, dekker anten lokal digital infrastruktur (domene) eller direkte arbeid med å auke samproduksjonen og tilfanget av tekst og bilete på dei norske versjonane av Wikipedia. Wikimedia Noreg har altså alle kostnadene med å utvikle og støtte opp under skribentmiljø, ABM-institusjonar, og andre kjeldeegarar som ser til at innhald vert "laga" for dei tre versjonane av Wikipedia i Noreg. Av dette har altså Wikimedia Noreg "eiga rekning" med å få "laga" dokument til Wikipedia. Tekst og bilete (dokument) for Wikipedia vert i Noreg "laga" av skribentane som per definisjon organiserast av Wikimedia Noreg.

Uavhengig av kva perspektiv ein vel, er altså Wikimedia Noreg "utgjevar" - anten i kraft av å dekke ein hovuddel av kostnadane, eller i kraft av å organisera dei norske skribentane.

Dei overordna tildelingskriteria frå Kulturdepartementet vert presentert slik:

"Tilskudd innvilges ut fra en faglig og teknisk vurdering av søknaden med utgangspunkt i ordningens formål, avgrensning og tildelingskriterier.

Om formålet med ordninga skriv departementet:

"Formålet med tilskuddsordningen er å styrke tilbudet av gratis leksikalske tjenester som grunnlag for den allmenne kunnskapsutviklingen og meningsdanningen i samfunnet. Støtteordningens sentrale virkemiddel er å bidra til formidling av norskspråklig, oppdatert og kvalitetssikret kunnskap over digitale IKT-plattformer ved å yte tilskudd til aktører som tilfredsstillter kriteriene for ordningen."

Kommentar:

Wikipedia oppfyller alle krava i formålet. Tenesta er **gratis, leksikalsk**, og bidrar til den allmenne **kunnskapsutviklinga**. Wikimedia Noreg vann t.d. *Folkeopplysningsprisen 2011*.¹⁶ Gjennom ordninga der fleire skribentar står som forfattar av kvar artikkel, vert fleire syn

¹⁵ https://meta.wikimedia.org/wiki/Local_chapter_FAQ

¹⁶ <http://www.idg.no/computerworld/article226834.ece>



representerte på ein måte som gjer Wikipedia ekstra eigna til å styrke **meningsdanninga** i samfunnet. Den unike ordninga med at det er ein diskusjonsartikkel attom kvar einskild artikkel, styrker dette formålet ytterlegare. Wikipedia er **norskspåkleg**, med eigne versjonar på bokmål, nynorsk, og samisk. Den nynorske versjonen er den utan samanlikning største norske kunnskapskjelda på nynorsk. Og den nordsamiske versjonen er truleg den einaste systematiske kunnskapskjelda som nokon gong har eksistert på nordsamisk.

Wikipedia er særst **oppdatert**, ved at det gjerast ei stort mengd endringar i tekst og bilete per dag, mange gonger større enn for summen av alle andre norske leksikon. Førsteamanuensis Espen Andersen har gjort avgrensa samanlikningar og fann Wikipedia på bokmål meir oppdatert enn Store Norske Leksikon.¹⁷ Førsteamanuensis Jon Hoem ved Høgskolen i Bergen har gjort liknande funn.¹⁸ Innhaldet på Wikipedia er systematisk **kvalitetssikra** gjennom ordninga med "patruljering" og (anonym) fagfellevurdering der nye endringar på Wikipedia blir gått gjennom av eit korps på 168 særskild kunnige og utvalde administratorar og patroljørar.¹⁹ Kvar endring og redigering som gjerast på norske versjonar av Wikipedia, skal kvalitetssikrast av slike medarbeidarar, som velgast etter fastsette krav til leksikonfagleg røynd, redigeringshistorikk, redigeringsmengd, og andre faglege eigenskapar, og som gjer kvalitetskontroll etter serleg fastsette reglar og retningslinjer.²⁰

Kvalitetskontroll gjerast av den einskilde endringa, ikkje av brokkar av endringar, og har dermed eit klårt preg av fagfellevurdering ("peer review"). Etter patroljeringssloggen har det verte gjort 1,2 millionar kvalitetskontrollar av bidrag frå nye eller anonyme bidragsytarar.²¹ Denne kvalitetsprøvinga har eit unikt omfang i norsk samanheng, og syter for at nye artiklar held god kvalitet. Redigeringane som gjerast av administratorane og patroljørane, vert kvalitetssikra ved eigekontroll – nett som hjå andre leksikon.

Det blir stadig klårare kor viktig det er å styrka den demokratiske infrastrukturen på nett. Me treng eit kunnskapsbasert og gjennomsiiktig ordskifte, tufta på sakstilhøve. Det er farleg for demokratiet vårt om det ikkje finst bruer mellom debatt i den lærde eliten og nettdebatt der folk flest deltar. Wikipedia er den arenaen som mobiliserer flest fagfolk og lekfolk til å dela kunnskap på nett. Vi set allereie ein ny standard for digital danning, der tradisjonelle danningsskrav (gyldig argumentasjon og truverdige kjelder) blir kombinert med danninga som må til for å bli tatt alvorleg på nett (rask respons og oppdatering, deltaking når debatten skjer). Innhaldet vert ikkje publisert ovafrå og ned. Alle skal kunne føreslå, spørja og gjera aktive val og handlingar. Kunnskapsproduksjonen skjer i dialog. Dette inneber ikkje at alle syn er like gode; tvert i mot skal framstillinga vere sakleg og korrekt. Men der kor det er fleire syn i ei sak, skal desse syna – og posisjonen dei har blant fagfolk eller i samfunnet elles –

¹⁷ <http://tversover.com/2012/04/02/snl-eller-wikipediahvem-skal-man-stole-p/>

¹⁸ <https://sites.google.com/site/digitaltktkompetent/fagstoff/finne/wikipedia-som-kilde>

¹⁹ <https://no.wikipedia.org/wiki/Spesial:Statistikk>

²⁰ Faglege krav til administratorar: <https://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Administratorer> Faglege krav til patroljørar: <https://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Patruljering>

²¹ http://toolserv.org/~laaknor/patrollog.php?db=nowiki_p&listType=alltime

²¹ 9 St. meld nr 17 (2006-2007) *Eit informasjonssamfunn for alle*, avsnitt 4.2.3.3.



presenterast på ein klår måte. Det vert mest systematisk gjort dersom fleire enn ein forfattar kan avgjere artikkelens innhald.

På Internett elles er det ein grunnleggjande rett å kunne uttrykkja seg anonymt. Historias truleg mest banebrytande leksikon - Diderots *Encyclopedie*, vart publisert slik at artiklane anten vart prenta anonymt, eller signerte med initial. Slik dei franske opplysningsfilosofane frykta Kyrkjias og kongemaktas sensur, kjem også Wikipedia ut i ei rad versjonar på språk som dominerer i brutale diktatur, der den anonyme publiseringa er eit livsnaudsyn. Retten til å vera anonym eller skriva under pseudonym er ein stolt tradisjon som sikrar spreinga av det frie ordet i heile verda.

I dag vert både Wikipedia og SNL finansiert av private middel, innsamla hjå einsskilde donorar og ideelle stiftingar. I Noreg har SNL eit finansiert budsjett på drygt 8 millionar kroner årleg til utvikling (utanom teknisk plattform). Tilsvarande har Wikimedia Noreg eit budsjett på 1 million kroner til utvikling (utanom teknisk plattform). Den store ulikskapen mellom SNL og Wikimedia Noreg si finansiering skapar allereie ei ulikevekt i evna til å tiltrekke skribentar frå dei akademiske og kulturelle fagmiljøa i Noreg. Me har stort von om at styresmaktene vil syta for at det sikrast reelt mangfald med norsk-baserte alternativ til statseigde eller forlagseigde leksika. Wikipedia er ei frittståande stemme ubunden av statlege institusjonar på eigarsida, og har i sju år bidratt sterkt til meiningsmangfaldet i Noreg.

Wikimedia Noreg er sterkt bekymra for ei utvikling der dei statlege universiteta i enda større grad bind opp sine vitskaplege tilsette til å bidra til, og favorisera, eit leksikon gjennom ein kombinasjon av økonomisk kompensasjon og formell institusjonell binding. Vi har tolv års erfaring frå leksikalsk produksjon i Noreg, og tilfanget av akademikarar er ein kritisk konkurransefaktor. Noreg er eit lite språksamfunn med små fagmiljø som må sikrast reelt høve til å formidla gjennom leksikalske kanalar til publikum på både målformer og minoritetsspråka. Ei slik eksklusiv og einsidig binding som universiteta nå gjer til eit einskild leksikonmiljø, kan gje sterke føringar for den einskilde vitskapleg tilsette om å favorisera SNL, og redusera tilfanget av forskingsformidling i alternative leksika som Wikipedia. Dette vil i så fall redusera mangfaldet i det faglitterære skribentmiljøet knytt til breiddeleksikon, og gje publikum eit fattigare tilbod av gode leksikonartiklar. Det vil også vere urimeleg å favorisere ein einskild aktør slik at det blir vanskelegare for forskarane å publisere på den kanalen som når ut til flest lesarar.

Forskinga har ei brei formidlingsplikt og individuelle akademisk ytringsfridom. Wikipedia-modellen der ulike fagfolk og ulike "skular" innan eit fag kan koma til orde i same leksikon-artikkelen, bidrar til å sikra denne fridomen.²²

Dei meir detaljerte kriteria frå Kulturdepartementet, er:

²² Sjå til dømes: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/regpubl/prop/2013-2014/prop-1-s-20132014/2/3.html?id=740221>



”Det skal legges særlig vekt på følgende kriterier:

- i hvilken grad tiltaket vil bidra til formålet med ordningen
- leksikonets faglige kvalitet
- artiklene i leksikonet er signert
- leksikonet skal være gratis tilgjengelig for publikum
- støtten skal fremme fagformidling på bokmål, nynorsk eller samisk
- publikumsmedvirkning”

Kommentar – faglig kvalitet:

Det er gjort ei enorm mengde studiar av Wikipedia internasjonalt²³ - og nokre særst få studiar i Noreg.²⁴ Derimot fins det ingen standard eller metode for å fastslå eller samanlikne kvaliteten på leksikon. Ein framgangsmåte er å gjennomgå eit (tilfeldig) utval artiklar og undersøkje kor mange ”feil” dei har. Det har ikkje vert gjort slike systematiske studiar i Noreg. Avisa *Verdens Gang* gjorde ei samanlikning for kring sju år sidan, som synte at Wikipedia etter berre tre års drift kunne matche SNL si kvalitet.

I den mest kjende studien kom tidsskriftet *Nature* til liknande resultat i samanlikninga av engelsk Wikipedia og Encyclopedia Britannica.²⁵ Ei meir kvalitativ, metodisk og deskriptiv analyse av Wikipedia er gjort av Roy Rosenzweig ved George Mason University.²⁶ Ei studie gjennomført av Epci og *Oxford University* i 2012, synte at Wikipedia på høvesvis engelsk, spansk og arabisk, heldt minst like høg fagleg kvalitet som sine forlagsegde alternativ (Encyclopedia Britannica, Enciclonet, og Mawsoah).²⁷ Ei større studie i Finland organisert av avisa *Helsingin Sanomat* seint i 2013, der eit stort antal forskarar evaluerte 134 artiklar på den finske utgåva av Wikipedia (som er mindre omfemnande enn bokmålversjonen), fann at artiklane heldt gjennomgåande høg kvalitet.²⁸

Den gjennomgåande konklusjonen av at det er god kvalitet på ein rad ulike språkversjonar av Wikipedia, tyder på at sjølve produksjonsmetoden på Wikipedia fremjar kvalitet. Det at kvaliteten blir vurdert som god på språkversjonar frå så ulike kulturkrinsar som finsk, spansk og arabisk, kan tyde på at samverknadsmodellen med fagfellevurdering, samproduksjon og omfemnande ordskifte om stoffet hjå Wikipedia, i seg sjølve er kvalitetsfremjande. Den systematiske fagfellevurderinga Wikipedia praktiserer, med ei diskusjonsside for kvar einaste leksikonartikkel, der alle deltakarane i debatten signerer innlegga sine (under fullt namn eller Wikipedia-brukarnamn) har også klare fellestrekk med akademias anonyme fagfellevurdering, der nett det å vere anonym sikrar at dei gode argumenta kjem fram.

²³ https://en.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Academic_studies_of_Wikipedia

²⁴ <https://no.wikipedia.org/wiki/Wikipedia:Wikipedia-forskning>

²⁵ http://news.cnet.com/Study-Wikipedia-as-accurate-as-Britannica/2100-1038_3-5997332.html

²⁶ Roy Rosenzweig, *Can History be Open Source? Wikipedia and the Future of the Past* - The Journal of American History (93-1) juni 2006. <http://chnm.gmu.edu/essays-on-history-new-media/essays/?essayid=42>

²⁷ <https://blog.wikimedia.org/2012/08/02/seven-years-after-nature-pilot-study-compares-wikipedia-favorably-to-other-encyclopedias-in-three-languages/>

²⁸ <http://www.helsinkitimes.fi/finland/finland-news/domestic/8619-world-s-largest-study-on-wikipedia-better-than-it-s-reputation.html>



Kommentar – artiklane i leksikonet er signert:

Det gis inga definisjon av kva ein meiner med "signert" i utlysinga. Ein mogleg definisjon kan ein sjå etter i *Åndsverklova* § 3, som seier:

"Opphavsmannen har krav på å bli navngitt slik som god skikk tilsier, så vel på eksemplar av åndsverket som når det gjeres tilgjengelig for almenheten"

Åndsverklova § 7 gjev nærare definisjon av kva som meinast med identifisert opphavsmann:

"Som opphavsmann ansees, når ikke annet godtgjøres, den viss navn eller allmennt kjente dekknavn eller merke på sedvanlig måte er påført eksemplar av verket eller blir oppgitt når det gjeres tilgjengelig for allmennheten."

Etter *åndsverklova* er eit verk, høvesvis ein artikkel, altså å anse som signert når det er påført namn, allment kjend dekknamn eller merke.²⁹ Me antar at mangelen på ein definisjon i utlysinga skyldast at det ikkje er rettsleg klårt kva som skal leggjast i omgrepet. I omgrepet "digital signatur" nyttar ein andre identifiserande kjennemerke enn namn, høvesvis med bruk av tal og kodar knytt til ein ikkje-synleg registeridentitet. Omgrepet "signatur" har altså ein rad ulike tydingar. Men om vi legg til grunn både straffelova og *åndsverklova*, kan det verke fornuftig å hevda at ein signert artikkel er påført anten eit fullt namn, eit etternamn, eller klårt identifiserande initialar knytt til eit individ. Av tekniske analyseomsyn vil me nedanfor gi tal på signerte artiklar i kraft av førenamn og etternamn, men dette er utelukkande gjort av omsyn til å kunne gjere databaseanalyse i artikkeluniverset.

Artiklane og alle endringane på Wikipedia er digitalt signert av anten skribentens fulle namn, initialar, pseudonym, eller IP-adresse. Det vanlegaste er signering av artikkelendringa med fullt namn. Wikipedia har, som det einaste norske leksikon, eit system der lesarane kan velja blant dei ulike versjonane av kvar artikkel, for å sjå kven som skreiv kva innhald, og samanlikne dei ulike versjonane som oppstod etter som skriveprosessen skreid fram. Ein kan velja artikkelversjonen slik den står medan artikkelen opnast, eller ein kan velja ein tidlegare versjon som er skriven av ein særskild forfattar. Artikkelen om dialekten "grenlandsmål" gir eit tilfeldig døme på dette – ein kan anten velja artikkelen slik den no står med både namngjevne og anonyme bidrag (³⁰), eller ein kan velja å lese artikkelen slik den vart skriven av Rolf Theil, professor i lingvistikk ved Universitetet i Oslo, 26. november 2011 (³¹).

Ein kan altså velja mellom den samproduserte og delvis anonyme versjonen av artikkelen, eller ein kan velja den signerte versjonen som vart etterlate av ein fagperson under fullt namn. Dette gjeld for alle artiklar på Wikipedia som har signerte redigeringar. Eit tilfeldig eksempel igjen – artikkelen om "schizofreni" kan anten lesast slik den no står (³²), eller i den siste versjonen som vart etterlate av Øystein Eiring, overlege og psykiater ved *Nasjonalt*

²⁹ Denis Diderot signerte sine artiklar i *Encyclopedie*, med ei stjerneformat asterisk-teikn (*).

³⁰ <https://nn.wikipedia.org/wiki/Grenlandsm%C3%A5let>

³¹ <https://nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Grenlandsm%C3%A5let&oldid=1839209>

³² <https://no.wikipedia.org/wiki/Schizofreni>



kompetansesenter for helsetenesta, den 29. oktober 2013⁽³³⁾. Systemet er synlig og lett tilgjengeleg for lesarane gjennom fana "Vis historikk" over kvar einskild artikkel. På dette viset kan lesaren ta ut einskilde versjonar av kva som helst artikkel på Wikipedia, samanlikna versjonane ettersom artikkelen vart endra, og høvesvis velja ut signerte versjonar av ulike namngjevne fagfolk. Wikipedia har eit lett tilgjengeleg, unikt og omfemnande system for versjonsval, kjeldeval og kjeldekritikk.

Til alt overmål har kvar einskild brukar på Wikipedia ein etterlate "profil" i form av alle endringane og redigeringane han eller ho har gjort på Wikipedia, lett tilgjengeleg for lesaren (eksempel brukar Øystein Eiring:³⁴). Dette inneber at kvar einskild skribent, også dei anonyme, etterlet seg eit avtrykk i form av alle sine bidrag, der lesaren kan gå inn og danna seg eit kritisk bilete av vedkommande skribent som påliteleg kjelde. Dette høvet til systematisk kjeldekritikk ned på personnivå, er helt eineståande for Wikipedia ved at det er systematisert, samla, og lett tilgjengeleg for alle lesarar.

Kor mykje av leksikoninnhaldet har fullt namn på forfattar, eller fagansvarleg?

I samband med søknaden har vi gjort omfemnande studium av mengda signert og ikkje-signert innhald på Wikipedia, SNL, og Allkunne. Me har gjort maskinelle uttrekk av data frå kategorimassen på SNL, for å stadfeste kor mykje av innhaldet og artiklane som har fagansvarleg. Dessutan har vi maskinelt samanlikna 893 tilfeldig uttrekte SNL-artiklar etter kor mange som er signert av forfattar, kor mange som oppgjev eksterne kjelder, osv. SNL skil ikkje eintydig mellom "forfattar" og "fagansvarleg" – kven av dei er det eigentleg som signerar artikkelen. I mange tilfelle er SNL-artiklane skriva av ein person, mens ein annan er fagansvarleg. I dei fleste tilfelle er forfattar for artiklar på SNL eller Allkunne oppgitt å vera "Store norske leksikon" eller "Caplex". Desse signaturane gjev ikkje lesaren nokon informasjon om kven forfattaren er, og må såleis reknast som ikkje signerte.

På Wikipedia på dei norske skriftspråka, er berre eit lite antal endringar og redigeringar gjort av heilt anonyme brukarar (IP-nummer). Vår erfaring er at det ofte står forskarar og andre fagfolk bak IP-aressane, avdi dei ønskjer å vera anonyme når dei redigerar på Wikipedia. Medan Wikipedia på engelsk i mai 2014 gjennom levetida hadde fått inn heile 30 % heilt anonyme redigeringar⁽³⁵⁾, så var andelen heilt anonyme redigeringar berre 9 % på bokmål⁽³⁶⁾, 5 % på nynorsk⁽³⁷⁾, og berre 1 % på nordsamisk⁽³⁸⁾. Det inneber at på dei norske

³³ <https://no.wikipedia.org/w/index.php?title=Schizofreni&oldid=12739263>

³⁴ https://no.wikipedia.org/wiki/Spesial:Bidrag/%C3%98ystein_Eiring

³⁵ <http://stats.wikimedia.org/NN/TablesWikipediaEN.htm#anonymous>

³⁵ Til saman 116 239 020 bidrag har kome frå anonyme bidragsytarar, av totalt 392 397 859 bidrag (30%)

³⁶ <http://stats.wikimedia.org/NN/TablesWikipediaNO.htm#anonymous>

³⁶ Til saman 894 999 bidrag har kome frå anonyme bidragsytarar, av totalt 9762 978 bidrag (9%)

³⁷ <http://stats.wikimedia.org/NN/TablesWikipediaNN.htm#anonymous>

³⁷ Til saman 90 743 bidrag har kome frå anonyme bidragsytarar, av totalt 1909 638 bidrag (5%)

³⁸ <http://stats.wikimedia.org/NN/TablesWikipediaSE.htm#anonymous>



versjonane av Wikipedia, er meir enn 90 % av innhaldet signert anten med fullt namn, eller med eit unikt pseudonym. Antal redigeringar er her lik antal artikkelversjonar, sidan kvar einiskild redigering skapar ein artikkelversjon som ein enkelt kan finna og opna.

Me har i mai 2014 gjort ei studie av kor mykje av innhaldet som er signert med fullt namn, og kor mykje som er signert med bare fornamn, etternamn, eller pseudonym. På nynorsk Wikipedia hadde 17 av dei 31 mest aktive skribentane oppgitt fullt namn. Desse 31 skribentane hadde til saman skrive 79% av innhaldet på nynorsk Wikipedia. Tilsvarende tal for nordsamisk Wikipedia var 6 av dei 16 mest aktive skribentane, dei 16 hadde skrive 99% av innhaldet på nordsamisk Wikipedia. På bokmål hadde 25 av dei 56 noverande og tidlegare skribentane som kvar og ein har meir enn 20.000 redigeringar oppgitt fullt namn³⁹, og dei 56 skribentane hadde skrive 31% av innhaldet på Wikipedia på bokmål. Av desse hadde dei 25 fullt namngjevne skribentane skrive noko meir enn dei 31 med pseudonym, med høvesvis 1,505 millionar redigeringar frå dei namngjevne og 1,499 millionar redigeringar frå dei som bruka pseudonym (av totalt 9,763 millionar redigeringar). Merk at for alle skribentar som skriv under registrert pseudonym er det tilgjengeleg ein fagleg profil, i form av eit oversyn over samtlige redigeringar kvar einiskild skribent har gjort. Denne profilen gjev eit godt bilete av fagkunnskapen til dei ulike skribentane.

I tabellen nedanfor har me ekstrapolert andelane skribentar med dei ulike signaturane, på dei siste 20% innhald på nynorsk og dei siste 70% innhald på bokmål, med slikt resultat:

Wikipedia, mai 2014:	Bokmål	Nynorsk	Samisk
Andel artiklar / redigeringar som har fullt namn = signert	46%	52%	37%
Andel artiklar / redigeringar som har pseudonym = usignert	45%	43%	62%
<i>Andel artiklar / redigeringar som har IP-nummer = usignert</i>	9%	5%	1%
Totalt	100%	100%	100%

Me ser at 46% av innhaldet på Wikipedia på bokmål er signert med fullt namn, medan 52% er signert med fullt namn på nynorsk Wikipedia og 37% av innhaldet er signert med fullt namn på nordsamisk Wikipedia. Tala for bokmål er prega av ein del usikkerheit, men ikkje tala for nynorsk og samisk.

På Store Norske Leksikon inklusive Norsk medisinsk leksikon, gjorde me i desember 2013 eit maskinelt uttrekk av kategorisystemets metadata for alle 179.670 artiklar, og 103.716 av desse artiklane hadde ein namngjeve fagansvarleg. Derimot er ikkje fagansvarleg det same som forfattar, fordi eit fleirtal av artiklane ikkje er skrivne av den fagansvarlege. Den største gruppa artiklar har angjeve "Store norske leksikon 2005-2007" som forfattar. Denne

³⁸Til saman 2 648 bidrag har kome frå anonyme bidragsytarar, av totalt 185 149 bidrag (1%)

³⁹<http://stats.wikimedia.org/DA/TablesWikipediaNO.htm#editdistribution>

signaturen inneber at artikkelen er trekt med frå papirutgåva og at ein anten ikkje veit kven som er forfattaren, eller av annan grunn ikkje oppgjev kven som har skrive den.⁴⁰ I og med at "Store norske leksikon" femnar om ulike personar til ulik tid, og desse personane ikkje alltid er artikkelens forfattar eller fagansvarlege, så inneber det at fleirtalet av SNL sine artiklar ikkje er signerte.

Artikkellkategorisystemet til SNL inneheldt i mai 2014 nesten 179 000 artiklar.⁴¹ Me undersøkte forfatterskap ved å trekke ut eit randomisert (tilfeldig) utval av ein halv prosent av alle artiklane i SNLs kategorisystem.⁴² Me sorterte desse etter artiklar som har verte endra sida 2007, og artiklar som ikkje har verte endra sida 2007. Vidare gjorde vi ei sortering av artiklane etter oppgitt forfattar, eventuelt oppgitt "Store norske leksikon 2005-2007" utan noko nærare forfatternamn. Dette ga følgjande resultat:

Store Norske Leksikon, mai 2014 <i>Utdrag av 893 tilfeldige artiklar</i>	Artiklar uendra etter 2007	Artiklar endra etter 2007	SUM <i>(feilmargin ± 3 %)</i>
Artikkel med namngitt forfattar (byline) = signert	162 18%	151 16%	314 35%
Artikkel med "Store norske leksikon (2005 - 2007)" + ein annan namngitt forfattar = signert		17 2%	17 2%
<i>Artikkel med "Store norske leksikon (2005 - 2007)" som forfattar = usignert</i>	403 45%	165 18%	568 63%
SUM	566 63%	331 37%	893 100%

Me ser at 37 % av artiklane hjå SNL har namngitt forfattar, mens 63% ikkje har det (utvalet på 893 SNL-artiklar har ein feilmargin på 3 prosent). Det inneber at SNL har høvesvis same andelen signert (namngjeve) innhald som Wikipedia på nordsamisk, og færre enn Wikipedia på bokmål og nynorsk.

På Allkunne vert omfanget av signerte artiklar, sterkt prega av at leksikonet har overtatt artiklane hjå Caplex, som ikkje er signerte. Nettadressene er nummererte og lar seg enkelt dele inn i dei som har en navngjeven forfattar, og dei som ikkje har det:

⁴⁰ Informasjon gitt av Ida Jackson (SNL) under Wikipedia Academy, 15. desember 2013.

⁴¹ I tallet inngår noen tusen tomme artikler som bare inneholder kryssreferanse til NBL, men tallet ville vært tilsvarende høyere om selve NBL-artiklene inngikk I dette kategorisystemet inngår også Store medisinske leksikon (SML) for medisinfaglige artikler, men ikke de selvstendige verkene Norsk biografisk leksikon (NBL) og Norsk kunstnerleksikon (NKL)

⁴² Ialt 893 artikler inngikk i utvalget trukket ut av dataprogram og utgjorde 0,5% av alle artiklene. Statistisk feilmargin er om lag ± 2,5%, det same som ved meiningmålinger.

Allkunne, mai 2014	Antel
Artikkel har forfatter = signert	17%
Oversatt frå Caplex, revidert av nokon = signert	7%
Oversatt frå Caplex = usignert	75%

Me ser her at 24% av artiklane i Allkunne er signerte, medan 75% er usignerte. Det er det store tilsiget av Caplex-artiklar som gjev auke i andelen usignerte artiklar for Allkunne, og ettersom desse artiklane vert oversette til nynorsk vil moneleg andelen usignerte artiklar vekse ytterligare. Før oversetjinga av Caplex-artiklar tok til var 100% av Allkunnens artiklar signerte, no (mai 2014) er talet nede i 25%.

Samanstilt gjer undersøkingane følgjande resultat for alle dei tre store leksikona i Noreg:

Leksikon i Noreg, mai 2014	Allkunne	SNL	Wikipedia Bokmål	Wikipedia Nynorsk	Wikipedia Samisk
Andel artiklar usignert (IP, pseudonym, m.v)	75%	63%	54%	48%	63%
Andel artiklar signert med fullt namn	25%	37%	46%	52%	37%

Me ser her at Wikipedia på nynorsk har høgast andel signerte artiklar, fulgt av Wikipedia på bokmål, SNL, Wikipedia på nordsamisk, og til sist Allkunne.

Kommentar - kjeldekritikk:

Kjeldekritikk avheng av at ein står overfor ei kjelde, og at ein kan fastslå kjeldas opphav, saksforhold, og eignaheit som kjelde. Det har i media vorte trekt samanheng mellom signering og kjeldekritikk. Men signering bidrar berre med delinformasjon om artikkelens og kunnskapens opphav. Signering gjev til dømes høve til å *sitera* ein leksikonartikkel som kjelde. Men munnlege kjelder, lovtekster, runesteiner, folketonar, og gamle fotografiar er og gode eksempel på kjelder som ikkje er signerte, og som kan inngå i til dømes leksikon.⁴³ Primært gjev leksikon ei sekundær oversikt over fenomen eller innhald i primærkjelder. Wikipedias grunnleggjar Jimmy Wales har advara mot å nyttja noko leksikon som kjelde.⁴⁴

Høgskolen i Oslo og Akershus legg derimot til grunn at ein kan sitere frå leksikon - både frå signerte artiklar hjå SNL og frå usignerte artiklar hjå Wikipedia.⁴⁵ Me vil her drøfte kva som skal til for at ein artikkel i leksikon kan verte kjelde, og gi grunnlag for kjeldekritikk.

⁴³ Sjå også: Ottar Dahl, *Grunntrekk i historieforskningens metodelære*, Oslo 1967, utg 1991, side 31 og 48ff.

⁴⁴ <http://www.abcnyheter.no/verden/080505/wikipedia-er-ikke-en-kilde>

⁴⁵ HiOA - APA-stilen, Henvise til andre kilder. <http://www.hioa.no/LSB/Oppgaveskriving/APA-stilen/Henvise-til-andre-kilder>

Leksikografien og historieforskinga skal primært ikkje produsere nye data, men ordne eksisterande data. Historieforskaren Ottar Dahl legg vekt på kor viktig det er å skape samanheng mellom kjeldas observerte eigenskapar og kjeldas opphavsforhold.⁴⁶ Om ein tilføyer eksterne kjelder i leksikonets artikkel, gjev ein lesaren høve til å vurdere informasjonens opphav og eignahet til å skape forståing eller fortolking (kjeldekritikk).

Leksikon skal gje oversikt over fenomenen, ikkje over forfattarens syn på fenomenen. Opphavet til relativitetsteorien er Albert Einstein, og ikkje forfattere av leksikon-artikkelen om relativitetsteorien. Forfattere er berre opphav til artikkelen, ikkje til fenomenet - som det er leksikonets oppgåve å gje ei oversikt over.

Det viktige for lesarane er kor brukbar kjelda er som basis for å forstå, fortolke eller forklare fenomenen. Denne vurderinga av kjeldas eignahet utgjer sjølve kjeldekritikken.⁴⁷ Den isolerte kjelda som ikkje står i tilhøve til sine fenomen og til andre kjelder, er derimot ikkje brukbar.

Ottar Dahl skriv om dette:

*”Den enkelte kilde kan bare utnyttes for så vidt som den kan stilles i forhold til andre kilder og til andre historiske kunnskaper. Den isolerte kilde kan hverken bestemmes eller utnyttes på annen måte. [...] Man kan altså si at enhver bestemmelse av en kilde forutsetter at vi arbeider med grupper av kilde-data. En helt isolert kilde kan ikke bestemmes eller utnyttes i noen historisk sammenheng. Det innebærer at for så vidt som et objekt eller et datum er isolert, er det etter vår definisjon meningsløs å betegne som kilde overhodet”.*⁴⁸

Av dette følgjer at ein leksikonartikkel som er signert, men som ikkje inneheld informasjon om kunnskapens øvrige opphav eller observasjonsbasis, og som ikkje gjev referanse til fleire kjelder enn seg sjølve, ikkje har noko verdi som kjelde. Ei slik isolert kjelde gjev dermed ikkje noko høve til kjeldekritikk.

Omfanget av primærkjelder i artiklane er altså den avgjerande basisen for kjeldekritikk, og er svært ulikt i dei norske leksikona. Me har gjort analyse av kjeldebruken i totalmengda artiklar i Wikipedia på bokmål og nynorsk, og av dei 893 tilfeldig utvalde SNL-artiklane.⁴⁹ Når det gjeld Wikipedia-artiklane kan ein ganske enkelt telja kor mange artiklar som har kjeldereferansar.⁵⁰

Samanstillinga av dei ulike leksikona gjev da følgjande resultat:

⁴⁶ Ottar Dahl, *Grunntrekk i historieforskningens metodelære*, Oslo 1967, utg 1991, side 51.

⁴⁷ Ottar Dahl, *Grunntrekk i historieforskningens metodelære*, Oslo 1967, utg 1991, side 52.

⁴⁸ Ottar Dahl, *Grunntrekk i historieforskningens metodelære*, Oslo 1967, utg 1991, side 52-53.

⁴⁹ Dei inkluderar artiklar frå Store medisinske leksikon, men ikkje frå Norsk biografisk leksikon.

⁵⁰ Det vil seie, artiklar som inneheld ei eller fleire av kodane `<ref>`, `{{cite}}`, `{{kilde}}`, `{{imdb}}`, eller ”ekstern lenke” , og fordela dette på antalet nettdresser fråtrekt internlenker og vidareendingar (redirects).

Leksikon i Noreg, mai 2014	SNL	Wikipedia Bokmål	Wikipedia Nynorsk
Tal på artiklar som har minst ein referanse eller lenke til kjeldeinformasjon utanfor SNL-universet	< ca 11 000	230 719	63 974
<i>Andel artiklar som har minst ein referanse eller lenke til kjeldeinformasjon utanfor SNL-universet</i>	6% (± 2%)	60,9%	56,3%
Tal på artiklar utan referansar eller eksterne lenkar	> 165 000	148 469	49 583
<i>Andel artiklar utan referansar eller eksterne lenkar</i>	94% (± 2%)	39,1%	43,7%

Me ser at omfanget av kjelder og lenker til ekstern litteratur eller nettstader, er særskild mykje meir omfattande på Wikipedia, enn hjå Store Norske Leksikon. Berre om lag 6 prosent av SNL-artiklane har kjelder eller litteraturhenvisningar, medan minst 55-60 prosent av Wikipedia-artiklane har kjelder eller litteraturhenvisningar. Når kjelder manglar blir nettet eit ekkokammer der ingen står ansvarleg for at orda falt. Wikipedia står her fram som ei svært stor faglitterær kjeldesamling, i mai 2013 hadde Wikipedia på bokmål meir enn 450.000 fotnotar og kjeldetilvisingar.⁵¹ På dette viset er det berre Wikipedia som på systematisk vis har artiklar som tilfredsstillar krav til kjeldekritikk.

Skulen skal lære elevane å vera kritiske i val av kjelder og ikkje stola blindt på framstillinga frå ein fagperson, eller eit vitenskapsmiljø. Signering av ein artikkel seiest å gje lesaren eit grunnlag for å stille forfattaren "til ansvar" for feil. Men lesaren får sjeldan eller aldri det høvet, og om artikkelen inneheld feil har ikkje lesaren lettare for å avdekkja det sjølv om han kan stille forfattaren til ansvar. Den kjeldelause artikkelen er, som Ottar Dahl fastslo, meiningslaus som kjelde og som objekt for kjeldekritikk. Wikipedia er difor ei eineståande læringsressurs ved at leksikonet framstiller kvart tema i ei form der kvart faglege synspunkt eller kvar vitenskaplege "skule" har det same høvet til å koma til orde, med angjevne kjelder. Berre dette gjev naudsynt rom for kjeldekritikk og kunnskapsbasert meiningsbryting. Som leksikon står Wikipedia åleine i Noreg med desse viktige eigenskapane.

Kommentar – leksikonet er gratis tilgjengeleg:

Alle dei norske leksikona er gratis tilgjengeleg på nett. Det særskilde med Wikipedia er at dette er det einaste breiddeleksikonet i Noreg som lar publikum fritt gjenbruke alt tekst og alle bilete som finst i verket.

Kommentar – formidling på bokmål, nynorsk og samisk:

Det er to norske breiddeleksikon på bokmål, to på nynorsk, og eitt på nordsamisk. Wikipedia er den einaste redaksjonen som publiserar på samelike skriftspråk. Formidlinga på nordsamisk er unik i nordisk samanheng.

⁵¹ Summen av taggane <ref> og {kilde} på bokmålsversjonen av Wikipedia.



Kommentar – publikumsmedverking:

Både Wikipedia og SNL baserer sitt redaksjonelle arbeid på publikumsmedverking. På både leksikon kan ein registrera seg som brukar, og foreslå endringar dersom ein seier seg samd i lisensvilkåra.⁵² Medverkinga frå publikum er sterkast hjå Wikipedia, fordi publikums endringar straks vert synlege, og fordi fleire enn ein forfattar har eigeskap til artikkelen. Medan SNL har valt ein modell kor ein einskild skribent avgjer artikkelens innhald, har Wikipedia valt en modell kor fleire skribentar saman avgjer artikkelens innhald. Dette gjev større medverking.

Sidan starten i 2003 og fram til 1. mars 2014, hadde Wikipedia på bokmål fått bidrag frå 14.396 unike brukarar (⁵³), Wikipedia på nynorsk hadde fått bidrag frå 1.103 unike brukarar (⁵⁴), medan Wikipedia på nordsamisk hadde fått bidrag frå 92 unike brukarar (⁵⁵). Kvar månad gjer 2.000 ulike brukarar endringar på Wikipedia i Noreg.⁵⁶ Kvar månad dreg Wikipedia til seg 100 heilt nye skribentar, som aldri før har skrive på nettstaden. Det vert årleg skrive 50.000 heilt nye artiklar, slik at det er ein halv million artiklar tilgjengeleg på bokmål, nynorsk og samisk.

Kvar månad vert det gjort 50.000 - 100.000 redigeringar på bokmål og 10.000 - 25.000 på nynorsk. Bokmålsversjonen aukar med 140 MB årleg og nynorsk med 30 MB⁵⁷, det vil seie at 470.000 teikn endrast kvar dag – ein produksjon ti gonger større enn på SNL (der 40.000 teikn endrast dagleg). Kvar månad veks Wikipedia med like mykje tekst som ein finn i Bibelen. Denne mobiliseringa av meir enn 15.000 norske skribentar syner at Wikipedia lukkast i å skape publikumsmedverking i Noreg.

Andre krav under støtteordninga

Kulturdepartementet skriv vidare i tildelingskriteria om krav til leksikon som kan ta imot støtte frå ordninga:

”Tekniske løysingar skal normalt følge relevante norske og internasjonale standarder, og bør så langt som mulig baseres på åpen kildekode. Nye IKT-løysingar skal være universelt utformet, jf. diskriminerings- og tilgjengelighetsloven §§ 9 og 11.”

Dei tekniske løysingane hjå Wikipedia er baserte på open kjeldekode. Både programspråket *MediaWiki*⁵⁸ og løysinga *Elastisearch*⁵⁹, forutan alt innhald i form av bilete og tekst, har open lisens.⁶⁰ IT-løysinga MediaWiki er nærare dokumentert og forklara hos

⁵² http://meta.snl.no/Redaksjonell_plattform

⁵³ <http://stats.wikimedia.org/DA/TablesWikipediaNO.htm>

⁵⁴ <http://stats.wikimedia.org/DA/TablesWikipediaNN.htm>

⁵⁵ <http://stats.wikimedia.org/DA/TablesWikipediaSE.htm>

⁵⁶ <http://stats.wikimedia.org/DA/TablesWikipediaNO.htm>

⁵⁷ <http://stats.wikimedia.org/EN/TablesDatabaseSize.htm>

⁵⁸ <http://en.wikipedia.org/wiki/MediaWiki>

⁵⁹ <http://en.wikipedia.org/wiki/Elasticsearch> Elastisearch erstattar i 2014 løysinga *Lucene*.

⁶⁰ http://wikimediafoundation.org/wiki/Terms_of_Use



Wikimedia Foundation (⁶¹). Hovudlisensane er GFDL, og CC-BY-SA. Desse lisensane er globale, men lokalt compatible med den pålagde *Norsk Lisens for Offentlege Data* (NLOD). Dette tyder at absolutt alt materiale på Wikipedia, utan noko unntak, er 100% i tråd med gjeldande innhalds- og delingspolicy for utlysinga og for innhald i offentleg verksemd. Dette er ikkje tilfellet med SNL, kor den einskilde forfattar sjølve kan velja å utgi sin tekst for "begrenset gjenbruk" ⁶² – ein lisens som ikkje er kompatibel med NLOD. ⁶³

Universell utforming vert i utløyninga kravd i medhald av ein lov som ikkje lengre er i kraft. *Diskriminerings- og tilgjengelova* vart oppheva med verknad frå 1. januar 2014, og blei erstatta av ny lov. Vi forstår vidare utlysingas ordlyd slik at det berre er "nye IKT-løsningar" som skal vere universelt utforma, og ikkje eksisterande løysingar. Wikimedia Tyskland har gjennomført test av *MediaWiki* opp mot tilgjengekrava som er lovstandard både for Noreg og Tyskland. Det blei gjort testar av programvaren opp mot standarden WCAG 2.0, i perioden februar-juni 2011. ⁶⁴ Studien syntte gode resultat, og identifiserte ein del konkrete forbetningspunkt for tilgjenge.

Den norske leksikonmarknaden

Det er fem større leksikonaktørar i Noreg, ved sida av ein del nisjeaktørar med liten trafikk. Rekna etter storleik i form av norsk trafikk til nettstade, er dei største norske leksikona høvesvis Wikipedia, Norsk nettleksikon inklusive SNL ⁶⁵, Encyclopedia Britannica, Lokalhistoriewiki, og Allkunne. Av desse fem står Wikipedia i ei klasse for seg, med langt større trafikk enn alle de fire andre aktørane samanlagt. Wikipedia er Noregs 7. mest vitja netteneste, med ein trafikk omtrent som Finn, VG og Dagbladet. ⁶⁶ Også nynorskutgåva av Wikipedia har større trafikk enn nokon av dei andre leksikona, SNL inkludert. Dei nordsamiske, tyske, svenske og polske versjonane av Wikipedia har med sine 1 million månadlege sidevisingar (hits) kvar frå Noreg, ein trafikk som kan samanliknast med Allkunne. Det er ikkje kjend kor store trafikktal Allkunne har, men det er moneleg lågare enn 500.000 månadlege sidevisingar.

Om Staten eller offentlege einingar søkjer å styrka kunnskapsspreiinga og meiningsdanninga i samfunnet gjennom leksikon, er *Wikipedia* ein eineståande kanal ein ikkje kjem utanom i offentleg strev for å nå fram til befolkninga. Wikipedia har 90-95 prosent av all leksikon-vitjing i Noreg.

Wikipedia på bokmål og nynorsk har 2-3 millionar sidevisingar per dag, og totalt 60-80 millionar sidevisingar per månad. Dei same tala for Store Norske Leksikon er 200.000

⁶¹ http://www.mediawiki.org/wiki/Manual:MediaWiki_architecture

⁶² http://meta.snl.no/begrenset_gjenbruk

⁶³ http://meta.snl.no/Vilkår_for_publicering_av_bidrag_på_snl.no

⁶⁴ http://www.thirdageonline.eu/wp-content/uploads/2012/02/Accessibility_Test_Report_Wikipedia.pdf

⁶⁵ Store norske leksikon (SNL), Norsk biografisk leksikon (NBL), og Medisinsk leksikon, i eitt brukargrensesnitt.

⁶⁶ <http://www.alexa.com/topsites/countries/NO>

sidevisingar om dagen, eller 6 millionar per måned. Talet på unike brukarar er i praksis vanskeleg å fastslå, sidan kvar bruker i røynda reknast som unik fleire gonger i løpet av ein månadsperiode. Men tala syner at bruken av bokmåls Wikipedia er 10-15 gonger større enn bruken av SNL, medan bruken av alle versjonar av Wikipedia blant nordmenn er minst 25 gonger større enn bruken av SNL. Det inneber at nordmenn vitjar Wikipedia like mykje per dag, som dei vitjar Store Norske Leksikon per måned. Wikipedia er dermed den desidert mest leste leksikalske kunnskapskjelda som nokosinne er laga i Noreg.

Tabellen nedanfor gjev trafikktal frå norske IP-brukarar, og rangering etter trafikk, for dei største leksikona som er i omfemnande bruk i Noreg:

Leksikon, versjon	Rang Noreg	Rang globalt	Sidevisingar per måned frå Noreg		Kjelde
			Våren 2013	Våren 2014	
	Alexa.com, okt 2013				
Bruk av leksikon i Noreg			c. 133.000.000	c. 173.000.000	
Wikipedia, alle språk	7	6	124.000.000	165.000.000	Wikimedia Statistics [1] [3]
<i>Wikipedia, bokmål</i>		..	55.000.000	75.000.000	Wikimedia Statistics [2] [3]
<i>Wikipedia, engelsk</i>	55.000.000	75.000.000	Wikimedia Statistics [3]
<i>Wikipedia, nynorsk</i>	6.000.000	6.000.000	Wikimedia Statistics [2]
SNL	143	43.747	6.000.000	6.000.000	Aktørens egne tal
<i>Wikipedia, svensk</i>	1.500.000	2.000.000	Wikimedia Statistics [3]
<i>Wikipedia, tysk</i>	1.000.000	2.000.000	Wikimedia Statistics [3]
<i>Wikipedia, polsk</i>	1.000.000	2.000.000	Wikimedia Statistics [3]
<i>Wikipedia, nordsamisk</i>	400.000	600.000	Wikimedia Statistics [2]
Encyclopedia Britannica	..	5.317	< 1.000.000	< 1.000.000	Anslag utifrå Alexa [4]
Lokalhistoriewiki.no	2.237	257.797	< 1.000.000	< 1.000.000	Anslag utifrå Alexa [5]
Allkunne.no	..	1.902.887	< 500.000	< 1.000.000	Anslag utifrå Alexa [6]

Norske brukarar står bak om lag 175 millionar sidevisingar per måned på ulike leksikon. Kvar vaksne innbyggjar vitjar altså ei leksikonside om lag 35 gonger per måned. Vi ser at Wikipedia på engelsk, bokmål og nynorsk dominerer med 90-95 prosent av all leksikonbruk frå IP-adresser i Noreg. Det er og ei viss oppslutnad kring dei mindre leksikona, der SNL har 3-4 % av bruken. På grunnlag av rangeringane hjå Alexa, har *Encyclopedia Britannica* lågare trafikktal enn dette. Vidare har Allkunne og Lokalhistoriewiki ein oppslutnad på omlag 0,5 % kvar av leksikonbruken, basert på Alexa.

Forsking ved Universitetet i Agder stadfestar inntrykket – norske skuleelevar rådførte seg i 2011 med Google og Wikipedia ved skulearbeid – og lite anna.⁶⁷ I mellomtida har SNL klatra noko på statistikkane frå Alexa, til ei rangering kring nummer 140 i Noreg, hausten 2013.

Undersøkinga *Monitor 2011 Skolens digitale tilstand*⁶⁸ vart publisert 13. mars 2012. Studien synte at nesten 80 % av elevane på VK2 nytta Wikipedia dagleg eller kvar veke, mot 70 % av elevane på 9. trinn, og 63 % på 7. trinn (*Monitor 2011*, side 111). Studia syner at det er tre kjelder elevane nyttar i stort monn i skulearbeidet: Google, Wikipedia, og skulebøkene. Forlaga sine digitale nettstadar derimot, hadde relativt låg bruk. Studien reflekterte over at elevane til dømes føretrekk Wikipedia framfor alle digitale læringsressursar samla. Hå lærarane var stoda annleis, her vart forlaga sine digitale ressursar nytta meir enn Wikipedia, omvendt av kva stoda var mellom elevane.

Tabellen nedanfor gjev talet på artiklar hjå dei viktigaste norskspråklege breddeleksikona i Noreg:

Leksikon, versjon	Språk	Antal artiklar	Antal artiklar	Kjelde, kommentar
		<i>Okt 2013</i>	<i>Mai 2014</i>	
Wikipedia, bokmål	Bokmål	399.000	419.350	Wikimedia Statistics [7] [8]
SNL, inklusive NML	Bokmål	179.670	178.640	Maskinell telling i databasen
Wikipedia, nynorsk	Nynorsk	106.000	113.700	Wikimedia Statistics [7] [9]
<i>Lokalhistoriewiki.no</i>	<i>Bokmål</i>	<i>16.800</i>	<i>25.314</i>	<i>Aktørens wiki-teljeverk [11]</i>
Allkunne.no	Nynorsk	10.000	25.000	Anslag ut frå dataanalyse, m.v.
Wikipedia, nordsamisk	Nordsamisk	7.500	7.670	Wikimedia Statistics [7] [10]
<i>Encyclopedia Britannica</i>				<i>Ikkje tilgjengeleg på norsk</i>

Av tala ovanfor ser vi at Wikipedia er den tenesta som har flest leksikonartiklar på bokmål, totalt 419.000 bokmålsartiklar etter 12 års produksjon. Det andre store leksikonet på bokmål er Store Norske Leksikon (SNL), som etter eige utsegn har 170.000 artiklar på bokmål, etter 108 års produksjon. Noreg har altså to store norske, leksikalske verk - Wikipedia på bokmål og SNL. Tevlinga mellom dei to står om evna til å tiltrekkje seg fagfolk og kulturfeltets bidragsytarar i den litterære produksjonen som går føre seg. Det er kampen om fagfolka som hardnar til, ikkje konkurransen om lesarane – som Wikipedia for lengst har vunne i Noreg.

Om ein vendar seg til nynorsk er stoda noko meir eindimensjonal ved at Wikipedia er ein heilt dominerande aktør, òg kva gjeld talet på artiklar – 114.000 nynorsk-artiklar mot Allkunnens 25.000. Både talet på artiklar og talet på sidevitjingar er her asymmetrisk, ved at Wikipedia på nynorsk er om lag 10-20 gongar større enn Allkunne målt etter bae parameter. Median-lengda på Allkunne-artiklane er berre tre setningar, slik at mengda tekst på nynorsk

⁶⁷ http://www.uia.no/no/portaler/aktuelt/kronikker_og_artikler/en_fjern_liten_verden

⁶⁸ <http://iktsenteret.no/sites/iktsenteret.no/files/attachments/monitor2011.pdf>



Wikipedia er kring 30-35 gonger større enn mengda tekst på Allkunne. I strevet for å auka nordmenns kunnskap i nynorsk står altså Wikipedia i ei særstilling med si betyding for kunnskapsspreiinga i samfunnet.

Med vennleg helsing

//s//sign

Jarle Vines
Leiar, Wikimedia Noreg

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Erlend Bjørtvedt".

Erlend Bjørtvedt
Nestleiar, Wikimedia Noreg

Wikimedia Noreg

Postboks 35 Røa, N-0701 Oslo
Telefon: +47 – 4110 5154
Bankkonto: 1503 08 00866